

Norad sin strategi mot 2030



Innhold

Med berekraftsmåla som ramme for arbeidet til Norad	
– fakta har makta	4
Kjernen i Norad sin strategi	12
Norads fem utviklingsområde	12
Fem utviklingsområde for å gjere retninga tydeleg	14
1 Setje pengar i arbeid på ein meir strategisk måte	16
2 Ein sentral partnar innan berekraftig utvikling	17
3 Bidra til ei grønare verd	18
4 Vere nyskapande i utviklinga av bistanden	19
5 Styrke og systematisere utvikling, deling og bruk av kunnskap i Norad	20
Kjeldetilvising	21

Med berekraftsmåla som ramme for arbeidet til Norad – fakta har makta

TENK DEG ...

... ei grønare framtid, i ei verd utan fattigdom. Urealistisk? Men mogleg. Ja, meir enn mogleg. Det sikraste vi kan seie om framtida, er at endring vil skje. Så seint som etter andre verdskrigen låg Europa i ruinar. Dei færreste landa i verda var demokratiske, nesten alle land i Afrika var koloniar. Alt dette vart endra på eit par generasjonar. I 1990 var 61 prosent av alle som levde i Aust-Asia, ekstremt fattige. I 2015, mindre enn ein generasjon seinare, gjaldt dette berre to prosent.

Det er to viktige ting å vite om framtida. Det eine er at ho blir svært annleis enn notida. Det andre er at det er vi menneske som skaper utviklinga. Vi i Norad er med på det. Vi vil bruke det mandatet vi har fått, til å skape ei positiv endring vi trur på.

VI SER MOT 2030

Norad sin strategi ser framover mot 2030. Det er året FN sine berekraftsmål skal vere nådde. I tillegg skal andre viktige internasjonale avtalar, som Parisavtalen, følgjast opp. Det er lenge til 2030. Teknologisk utvikling, sosial endring eller ukjende kriser kan skape endringar vi ikkje ser i dag. Strategien er derfor ikkje eit forsøk på å planleggje mot 2030, men eit verktøy for å manøvrere mot 2030.

For det er også svært kort tid til 2030. Det går sakte, og det er tungt å endre store utviklingstrekk, som dei vi i Norad arbeider med. Skal verda nå berekraftsmåla, må investeringsnivået auke raskt og framstega komme fort. Slik vil eigarskapen til berekraftsmåla auke.

Vi vel derfor å la strategien ha eit lang-siktig perspektiv. Samtidig skal han verke i det daglege. Derfor kjem dei spesifikke utviklingsmåla til å bli vurderte og reviderte undervegs. Men retninga, ho ligg fast.



FNs BÆREKRAFTSMÅL

«Regjeringa har bestemt at berekraftsmåla utgjer det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største nasjonale og globale utfordringar. Regjeringas utviklingspolitiske prioriteringar er godt forankra i 2030-agendaen.»

[REGJERINGEN.NO](#)

EI VERD PÅ VIPPEPUNKDET

Kva vil framtida bringe? Det er eitt av dei evige spørsmåla som vi stiller oss som einskildmenneske og samfunn. Denne strategien blir utforma idet verda har gjort enorme sosiale og økonomiske framsteg.

I 1990 vart omkring 1,9 milliardar menneske rekna som ekstremt fattige etter utrekningane til Verdsbanken. Dette utgjorde 36 prosent av menneska i verda. I 2015 var talet redusert til 737 millionar. Trass i sterkt folkeauge minka den delen av menneska på jorda som var ekstremt fattige, til ti prosent.¹ I tillegg har tilgang til utdanning, helsetenester og rein energi auka, og barnedødsfrekvensen har gått ned. Sjølv om mange framleis har lite å leve for og er utsett, er dette fantastiske framsteg.

Den store framgangen har vore ulikt fordelt, og det er stor ulikskap mellom regionar. Afrika sør for Sahara har gjort langt mindre framsteg enn andre regionar globalt. Samtidig som ekstrem fattigdom nesten er uterydda i Aust-Asia, er det fleire ekstremt fattige i Afrika no enn det var i 1990.² I 2015 levde over halvparten av dei ekstremt fattige i verda i Afrika sør for Sahara, til saman 420 millionar menneske.³

Der vi står i dag, i 2021, er det teikn til at framgangen flatar ut. Nedgangen i fattigdom har vore svakare dei siste åra. Ein går ut ifrå at veksten kjem til å vere mindre i tiåret som kjem, enn han har vore dei siste tiåra, og dette er ein tendens som kan bli forsterka av covid-19-pandemien. Aukande ulikskap mellom land er med på å redusere veksten og auke fattigdommen.

Samtidig fører teknologisk endring og til nye mogeligheter for utvikling for fattige land som ikkje hadde slike mogeligheter for ein generasjon sidan, og til nye mogeligheter for utviklingssamarbeidet.

Eit anna utviklingstrekk er at ein aukande del av dei ekstremt fattige lever i dårleg fungerande eller krigsherja land, meir enn 40 prosent.⁴ Det krev nytenking om korleis vi gjennom utviklingssamarbeid kan nå dei fattigaste og samtidig bidra til utvikling gjennom å hjelpe til med tiltak som baserer seg på forståing av konteksten i det einskilde landet og den einskilde regionen.

På same tid som det har vore gjort store framsteg når det gjeld sosiale og økonomiske menneskerettar, opplever vi ein tilbakegang i sivile og politiske rettar.

Lokale partnarar som jobbar med sivilt samfunn, rapporterer stadig om truslar og vanskelegare arbeidsforhold, noko som krev auka merksemd frå Norad. Viktige globale initiativ som svar på globale utfordringar har vorte møtte med meir motstand.


Idet denne strategien trer i kraft, er ein pandemi som har verknader på tvers av alle sektorar, den dominerande utfordringa for heile verda. Problemet og løysinga er på alle måtar globale. Slik andre spørsmål, som ulikskap, fred og tryggleik, også er.

Eit av dei mest dramatiske utviklingstrekkene i verda fram mot 2030 er likevel dei fundamentale endringane i livsgrunnlaget vi opplever: klimakrisa og tapet av natur. Dei globale klimaendringane har allereie

Verdsbankens berekningar på ekstremt fattige



Klimagassutslepp



fått konsekvensar for menneske og samfunn. Sjølv med innfriing av Parisavtalen er det truleg at temperaturen globalt vil auke med rundt tre gradar celsius. Det vil få enorme konsekvensar. Tap av natur heng tett saman med klimaendringane og kan ifølgje FN sitt naturpanel (IPBES) få endå større konsekvensar for oss menneske enn klimaendringane. Det er ikkje så rart: Vi menneske er heilt avhengige av naturen for å få mat, klede, energi og medisinar – ja, det meste.


Fattige land blir hardast ramma. Samtidig er dette dei landa som har minst ressursar å bruke på å tilpasse seg. Verdsbanken reknar med ein auke i talet på ekstremt fattige på rundt 100 millionar menneske fram mot 2030, berre på grunn av klimaendringar.⁵ Forskarar har no dokumentert ein samanheng mellom

menneskeskapte klimaendringar og meir ekstremvêr, som orkanar, flaum og tørke. Nedbygging av natur og klimaendringar påverkar temperatur, jordsmonn, regnmønster og lokal flora og fauna. Dette kan igjen få store negative innverknader på matproduksjonen. Migrasjon som følge av dette kan bli omfattande, spår FN sin høgkommisær for flyktningar (UNHCR) og Flyktinghjelpen.

Allereie i dag er det langt fleire som flyktar på grunn av naturkatastrofar og klimaendringar enn på grunn av krig og konflikt. Dette vil utfordre korleis Norad og andre aktørar tenkjer rundt bruva mellom kortsiktig humanitær innsats og langsigkt utviklingssamarbeid og samfunnsbygging.

Dei store økologiske endringane skaper ei verd på vippunktet. Desse endringane

Fattigdomshoppet



utgjer ein trussel mot økonomisk og sosial framgang i fattige land. Vi må førebu oss på eit tiår med fleire uventa kriser. Vi må rekne med at behova endrar seg brått, og at kriser krev nye måtar å jobbe på, slik som under covid-19-pandemien som trefte verda i 2020.

BEREKRAFTSMÅLA ER EIN GLOBAL ARBEIDSPLAN – OG EI RAMME FOR ARBEIDET TIL NORAD

Tidlegare statsminister Gro Harlem Brundtland innførte omgrepet berekraftig utvikling i rapporten *Vår felles framtid* frå Brundtlandkommisjonen i 1987.

I 2015 vart 2030-dagsordenen med 17 berekraftsmål vedteken av alle medlemslanda i FN. Noreg har lagt berekraftsmåla til grunn for arbeidet både nasjonalt og internasjonalt. «Regjeringa

har bestemt at berekraftsmåla utgjer det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største nasjonale og globale utfordringar. Regjeringas utviklingspolitiske prioriteringar er godt forankra i 2030-agendaen» skriv regjeringa på nettsidene sine.⁶ Det er naturleg for Norad å la berekraftsmåla vere ramma for arbeidet vårt fram mot 2030.

Berekraftsmåla skil seg på fleire måtar frå tidlegare mål og andre internasjonale avtalar. For det første er det ein heilskapleg dagsorden. Berekraftsmåla ser økonomi, miljø og sosial utvikling i samanheng. Det er 17 ulike mål, men dei heng saman og skal sjåast i samanheng.

For det andre er dei felles, dei gjeld ikkje berre fattige land. Berekraftsmåla byggjer ikkje på tanken om at vi skal gi til dei

FN sine berekraftsmål



trengande. Dei byggjer på partnerskap og likeverd.

«Vi er alle utviklingsland», sa statsminister Erna Solberg då ho presenterte Noreg si oppfølging av berekraftsmåla i 2016. Berekraftsmåla krev felles innsats frå styresmakter, sivilsamfunn, privat sektor og akademia i alle land. Det er ein mobiliseringssdagsorden og ikkje ein juridisk bindande avtale.

Til sist inneber dagsordenen eit viktig prinsipp som er grunnleggjande for Norad sitt arbeid. Prinsippet om at ingen skal utelatast. Dei mest sårbare og marginaliserte menneska i verda skal inkluderast i utviklinga.

Vi tek ansvar for Noreg sitt arbeid internasjonalt med å bidra til at utviklingsland

når måla. Vi vil innrette arbeidet vårt med utviklingssamarbeid for i størst mogleg grad å nå måla.

NYTT OPPDRAG FOR NORAD:

Å SETJE PENGAR I ARBEID

I 2020 vart rolla og oppdraget til Norad endra etter ei reform i bistandsforvaltninga.

Sett frå Norad sin ståstad var den største endringa at vi skal forvalte ein betydeleg større del av bistandsbudsjettet, basert på meir overordna mål- og resultatstyring frå Utanriksdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Skal vi lykkast, må Norad få til å setje pengar i arbeid på ein meir strategisk måte for å nå dei utviklingspolitiske måla Noreg og verda har.

I 2015 forvalta Norad rundt 4,7 milliardar kroner. I 2020 hadde dette auka til over

18 milliardar kroner. I 2020 utgjorde dette omkring halve det norske bistandsbudsjettet, og det meste av langsiktig utviklingssamarbeid.

Å setje pengar i arbeid for å oppnå resultat vil vere hovudoppgåva for Norad i åra som kjem. Å etablere innsatsar som kan skape dei store endringane vi er ute etter. Det inneber dialog med partnarar om å skape resultat. Det betyr også å kommunisere om resultat, og å skape arenaer som kan utløyse handling og investeringar frå andre. Det betyr at vi må evaluere innsatsen vår systematisk med sikte på å bruke kunnskap om både gode og mindre gode resultat til å forbetra oss.

I sum inneber dette ei endring av Norad si rolle, sjølv om mange av oppgåvene vi skal gjøre, er kjende for oss.

FAKTA HAR MAKTA

Ansvaret for ein større del av bistandsbudsjettet krev at vi har omfattande og oppdatert kunnskap om korleis vi kan bruke pengar på måtar som bidreg best mogleg til berekraftsmåla og norske utviklingspolitiske mål.


Fram mot 2030 vil Norad få tydelege mål vi skal bidra til å oppnå, og vi må vurdere korleis desse måla kan nåast på ein best mogleg måte – på tvers av partnarar, kanalar og aktørar. Det vil krevje ei meir heilskapleg og strategisk forvaltning enn i dag, integrert og systematisk bruk av kunnskap og innsikt i alle delar av

arbeidet vårt. Det vil også krevje ein meir utstrekkt dialog med partnarane og partnarlanda våre, og Norad må få til å mobilisere ulike typar aktørar for å nå berekraftsmåla.

Dette er eit kjernepunkt i denne strategien. Vi kallar det at «fakta skal ha makta». Det skal ikkje tolkast bokstaveleg. Det vi legg i det, er at det finst udiskutable fakta som alltid skal leggjast til grunn.

Det betyr at innsikt og forståing basert på forsking og anna kunnskap alltid skal brukast, og at dei skal ha førerang for tradisjon, rutine eller etablerte førestillingar.

Kapitalstraumar går ned



Kjernen i Norad sin strategi

- Berekraftsmåla er ramma for arbeidet til Norad. Vi skal bidra til at måla blir nådde!
- Den primære oppgåva vår er å setje pengar i arbeid saman med partnarar.
- Arbeidet skal byggje på kunnskap og innsikt – fakta skal ha makta.



Norads fem utviklingsområde

for å setje strategien ut i livet




Foto: Espen Røst

FEM UTVIKLINGSMRÅDA

Den nye strategien ser framover mot 2030. For at vi skal lykkast har vi identifisert fem utviklingsområda for å gi ei tydeleg retning og fokus på arbeidet som ligg føre oss.

Utviklingsområda skal bidra til berekraftsmåla og til meir strategisk bruk av bistandsmidlar. Utviklingsområda 1–4 har eit eksternt fokus, medan utviklingsområde 5 primært rettar seg mot interne forhold.

Fem utviklingsområde for å gjøre retninga tydeleg



Foto: Espen Røst

2. Ein sentral partnar innan berekraftig utvikling

Vårt mål er at Norad skal vere ein sentral partnar som fører ulike aktørar saman for å nå berekraftsmåla i utviklingsland.



Foto: Aleksander Ramsland/Scream Media

1. Setje pengar i arbeid på ein meir strategisk måte

Vårt mål er at bistandsbudsjettet skal vere eit strategisk verktøy for å avskaffe fattigdom, bremse klima- og naturkrisa og kjempe mot ulike former for ulikskap.

3. Bidra til ei grønare verd

Vårt mål er at klima og miljø skal integrerast i alt arbeid vi gjer, og vere førande for utviklinga av nye partnerskap og initiativ.



Foto: Ken Opprann



Foto: Marte Lid

4. Vere nyskapande i utviklinga av bistanden

Vårt mål er at Norad skal vere prega av ein innovasjons- og nyskapingskultur som prøver nye partnarar, kanalar og måtar å drive bistand på.



Foto: Espen Røst

5. Styrke og systematisere utvikling, deling og bruk av kunnskap i Norad

Vårt mål er at Norad skal drive kontinuerleg utvikling av kompetanse og arbeidsmetodikk, auke myndiggjering av medarbeidarane og stimulere til deling av kunnskap internt og med partnarane våre.

1. Setje pengar i arbeid på ein meir strategisk måte

Vårt mål er at bistandsbudsjettet skal vere eit strategisk verktøy for å avskaffe fattigdom, bremse klima- og naturkrisa og kjempe mot ulike former for ulikskap.

Norad forvaltar halve bistandsbudsjettet og har eit stort ansvar for resultata som blir oppnådde.

Vi har strategisk dialog med partnarar før, under og etter innsatsar. Vi skal konseptre innsatsen mot systemendringar og jobbe for store og heilskaplege porteføljar der langsigkt innsats og resultat vert sett i samanheng.

For å lykkast med dette må vi jobbe for betre å forstå samanhengen som bidraga våre skal verke i, og leggje til rette for bruk av oppdatert kunnskap og forvaltning. Vi skal også ha ei meir systematisk tilnærming til risiko og jobbe på tvers av kanalar og partnarar. Hos oss er fag og forvaltning éin integrert prosess.



Tilgang til rein og rimeleg energi gir resultat sosialt, miljømessig og økonomisk. På bildet ser vi Dorcas Mcheri, som jobbar på kraftstasjonen Mbagala i Dar Es Salaam. Foto: Espen Røst

2. Ein sentral partnar innan berekraftig utvikling

Vårt mål er at Norad skal vere ein sentral partnar som fører ulike aktørar saman for å bidra til at utviklingsland når berekraftsmåla.

Dette betyr at Norad tek ei større rolle enn før som samfunnssaktør innan bistand, nasjonalt og internasjonalt, og går inn i ei tydelegare ekspertrolle i offentlegheita gjennom ulike verkemiddel og kanalar.

Vi skal skape arenaer, nettverk og partnarskap som utløyser handling, og vere eit nav for alle som arbeider med utvikling.

Vi skal vere eit direktorat med eigarskap til berekraftig utvikling i offentlegheita. Vi ønskjer å bidra til engasjement og kunnskap om berekraftsmåla og formidle resultat og forståing av bistand og berekraftig utvikling, både hos dei som tek avgjerder i samfunnet og breiare grupper.



Foto: Aleksander Ramsland/Scream Media

3. Bidra til ei grønare verd

Vårt mål er at klima og miljø skal integrerast i alt arbeidet vi gjer, og vere førande for inngåing av nye partnarskap og initiativ.

Dette betyr at Norad skal sjå til at all bistand er i tråd med Parisavtalen og andre globale miljømål og -avtalar.

Vi skal systematisk integrere klima og miljø på prosjekt- og porteføljenivå og tydeleg legge vekt på dette i dialog med samarbeidspartnalar. Vi vil jobbe for å vere leiande i det offentlege Noreg som ein grøn etat.



Det norske klima- og skoginitiativet støttar arbeidet for reduserte utslepp av kabondioksid frå avskoging og skogförringelse. Foto: Ken Opprann

4. Vere nyskapande i utvikling av bistanden

Vårt mål er at Norad skal pregast av ein innovasjons- og nyskapingskultur som prøver nye samarbeidspartnalar, kanalar og måtar å drive bistand på.

Dette betyr meir aktivt å vurdere nye metodar, kanalar og partnalar som kan ta oss lenger.

Norad skal tenkje nytt rundt korleis vi kan nå fram til mottakarar. Vi skal arbeide meir systematisk med å utvikle det faglege grunnlaget for bistanden og følgje og forstå nye utviklingstrekk hos samarbeidspartnalar. Viktige delar av kunnskapsgrunnlaget vårt skal produserast av partnalar og kunnskapsmiljø i utviklingsland.

Norad vil utvikle kompetanse og kultur for innovasjon internt i etaten og bruke midlar på å teste ut nye idear og dessutan oppskalering av dei beste ideane som gir gode resultat.



Conan Obame frå AEGOS bruker dronar for å overvake regnskogen i Gabon, og for å oppdagje ulovleg hogst eller område der gullgravarar har øydelagt skogen. Regnskogen i Gabon er ein del av verdas nest største regnskog, Kongobassenget.
Foto: Marte Lid

5. Styrke og systematisere utvikling, deling og bruk av kunnskap i Norad

Vårt mål er at Norad skal drive kontinuerleg utvikling av kompetanse og arbeidsmetodikk, auke myndiggjering av medarbeidarane og stimulere til deling av kunnskap internt og med partnarane våre.

For å lykkast med dette vil vi styrke læringskulturen i Norad og motivere til kunnskaps- og erfaringsutveksling.

Vi skal jobbe meir på tvers og fremje meir sjølvstende og mynde til leiarar og medarbeidarar i organisasjonen. Norad skal prioritere kompetanseheving og karriereutvikling ved bruk av strategisk kompetanseutvikling. Vi vil fremje intern mobilitet og gi medarbeidarane moglegheit til å ta på seg nye oppgåver.

Norad skal ta i bruk teknologi og digitale verktøy som vil forbetra og effektivisera arbeidsmåten vår. Viss vi skal nå måla våre, må vi ta store skritt på området digitalisering i tiåret fram mot 2030.

Vi skal jobbe for å auke mangfaldet blant Norad-tilsette, langs fleire dimensjonar.



George King frå Sierra Leone delte sine betrakningar om digitale teknologiar og utvikling på Norad-konferansen 2019. Foto: Espen Røst

Kjeldetilvising

FOTNOTER

¹ World Bank. 2020. Poverty and Shared Prosperity 2020: Reversals of Fortune. Washington, DC: World Bank. © World Bank. <https://openknowledge.worldbank.org/handle/10986/34496> License: CC BY 3.0 IGO.

² Ibid.

³ World Bank Poverty and Equity Database. Sist sjekket 23. September 2020

⁴ <https://www.worldbank.org/en/topic/poverty/overview> - sist oppdatert 07.10.2020.

⁵ World Bank. 2020. Poverty and Shared Prosperity 2020: Reversals of Fortune. Washington, DC: World Bank. © World Bank. <https://openknowledge.worldbank.org/handle/10986/34496> License: CC BY 3.0 IGO.

⁶ https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/utviklingssamarbeid/bkm_agenda2030/id2510974/ - sist oppdatert 18.05.2020.

GRAFAR

Side 7

Klimagassutsliipp: https://www.ipcc.ch/site/assets/uploads/2018/02/WG1AR5_Chapter12_FINAL.pdf - sist besøkt 10.02.2021.

Side 8

Fattigdomshoppet: <https://www.worldbank.org/en/news/press-release/2020/10/07/covid-19-to-add-as-many-as-150-million-extreme-poor-by-2021> - sist oppdatert 30.11.2020

Side 10

Kapitalstrømmer: IMF & World Bank: <https://www.imf.org/external/pubs/ft/fandd/2020/06/pdf/COVID19-pandemic-impact-on-remittance-flows-sayeh.pdf> - sist besøkt 06.02.2021.



50 år med energisamarbeid mellom Noreg og Tanzania. Då landsbyen Honogo, Chalinze District, Pwani region fekk straum, gav det innbyggjarane heilt nye mogleheter. Foto: Espen Røst

Norad

Norsk direktorat for utviklingssamarbeid

Postadresse: P.O. Box 1303 Vika 0112 Oslo

Besøksadresse: Bygdøy allé 2, 0257 Oslo, Norge

Tel: +47 23 98 00 00 / Fax: +47 23 98 00 99

postmottak@norad.no / www.norad.no